



Radøy kommune
v/rådmann
5936 Manger

Søknad om kommunal garanti for lån i Kommunalbanken.

Aufera fekk før nyttår communal garanti frå Radøy kommune for å ta opp lån i Kommunalbanken for kjøp og oppgradering av Manger Fiskeindustri AS sine lokalar på kaien på Manger.
I etterpå klokskap kan ein sei det gjerne var noko forhasta, då ein i ettertid ser at kostnaden med å få bygget i ein slik stand at det vert godkjent, vil verta ein mykje høgare kostnad.

Då ein kom nærare i gang med prosessen, kom det fram at det vil verta ein noko høgre sum som må til for å få huset i godkjent stand. Det vart kontakta ulike firma for å få inn pristilbod på dei ulike fagfelta. I den samanheng kom det og fram at det måtte eiga brannselle til treavdelinga vår. Vidare kom det fram at det elektriske anlegget måtte skiftast ut.

Kostnader for oppgradering for prosjektet ser difor no slik ut:

Tømrar, betongarbeid, golvlegging, målararbeid og heis	kr. 1.532.042
Elektro (inkl. ny tavle)	kr. 1.576.319
Ventilasjon	kr. 600.000
Rørleggjar (anteke pris)	kr. 280.000
-----	-----
Sum tilbod	kr. 3.988.361
Kostnader som ikkje inngår i tilboda(uforutsette ting)	kr. 280.000
-----	-----
Finansieringsbehov	kr. 4.268.361

Prisane er eks mva. Den utgjer 1.067.090.

Pristilboda er etter påtrykk, svært enkle og berre det ein må. Det vert også jobba med å få tilboda lågare. Det er likevel tatt høgde for at med denne oppgraderinga vil Aufera ha tenlege lokalar i åra framover, på same tid som ein vil ha lokalar som imøtekjem dei krav lover og regelverk i dag krev.

Utover det som Aufera treng til aktivitet/produksjon av det som er i dag, ser ein for seg at ein kan få inntekt på å leiga ut noko av lokala.

Dette vil sei at Aufera har trøng for å låna 3,5 mil i tillegg til det som er garantert for tidlegare. Altså 7 millionar til dette prosjektet.

Dette er ein stor sum for Aufera. Når ein likevel har tru på dette, er det i hovudsak fordi Aufera etter mange år med ledige plassar, no har ventelister for folk som ynskjer/treng ein tilrettelagt arbeidsplass. Det er ei kjent sak at verksemndene rundt oss i mange år har hatt samarbeid med eigarkommunane sine der dei sel plassar, då det er



mangel på VTA-plassar over heile landet. (VTA= varig tilrettelagt arbeid med statleg finansiering på 75 % av kostnaden)

Dette inneber at Aufera har avtale med to av eigarkommunane sine om kjøp av plass. Kostnaden på ein slik plass er det ein ville ha fått frå NAV om det var plassar + den lovpålagte kommunale medfinansieringa som er minimum 25 % av det statlege.

Satsar er for tida kr. 13.231 frå stat
kr. 3.307 frå kommune

Dette utgjer kr. 16.538 pr plass pr månad, 198.456 pr år og ein inntekt for tre heile plassar (som er det som er aktuelt) 595.368 pr år.

Det finst ingen garanti at ventelista på folk som ynskjer plass vil halda fram med å auka. Men det er diverse ei kjensgjerninga at trøngen for tilrettelagt arbeid ikkje er minkande, men heller aukande. Me har hatt kontakt med fleire personar som kan vera aktuelle søkjavarar. I dag har med to unge som har praksisplass hjå oss, og som truleg ynskjer fast arbeid om nokre år. For tida har me tre personar som har språkpraksisplass hjå oss. Det er og ei gruppe som kan ha trøng for plassar vidare.

Eit samla lån for Aufera (inkl det ein har i rest) på 8,6 mil og ei nedbetalingstid på 25 år utgjer ein kostnad på 34.395 pr månad, eller 412.740 pr år.

Dersom eigarane held fram å kjøpa desse tenestene hjå oss, vil lånet vera sikra. Lånekostnaden er utifrå noverande rentenivå. Skulle rentenivå endra seg, og t.d. ein ville få dobbel så høg rente, ville den månadlege kostnaden vere 40.782, og årleg 489.384. Det ville framleis vera godt innafor dei rammene ein vil ha om kommunane plassar hjå oss.

Aufera har vore i dialog med eigarkommunane i denne saka, og det er kjent med korleis saka står. Ein må og kunna sei at eigarane er tydleg på at ein ynskjer ei sterkt vekstbedrift i denne delen av regionen.

Styret skal ha styremøte onsdag 7.mars og gjera vedtak i saka. Vedtak vil verta ettersendt Radøy kommune.

Manger, 28.02.18

Kari Smith
Dagleg leiar